

www.samhandlingsbarometeret.no

Samhandlingsbarometeret er ein open nettstad der relevante data i samhandling rundt helseteneste og folkehelse vert publisert. Dataene skal stimulere til refleksjon om tilvisingspraksis og likeverdige tenester, og vere eit grunnlag for samhandling, helseovervåkingsarbeidet og analyse- og forskingsarbeid.

Samhandlingsbarometeret - eit viktig verktøy


Samhandlingsreforma førte til behov for eit betre faktagrunnlag for utvikling av tenestene, samanlikningar mellom kommunar og for monitorering av utviklinga over tid. Samhandlingsbarometeret gjev faktagrunnlag for planlegging og politikk- og strategiutforming, fyrst og fremst i helse- og omsorgssektoren, men også i andre sektorar knytt til førebyggjande og helsefremmande arbeid. Samhandlingsbarometeret samlar, frå ulike datakjelder, sentrale variablar som samarbeidspartane finn relevante, og freistar å avgrense omfanget av desse i høve til den overflod av data som i dag er tilgjengeleg på nettet. Vidare er tilsette i barometeret ein diskusjonspart og tilbyr hjelp i analysen av data, noko kommunane er klare på at dei har behov for.

Det er ei målsetting at alle helseføretaka i Helse Vest og Helse Nord skal nytte Samhandlingsbarometeret i løpet av 2017

Lokal framside - Nyhende og refleksjonar omkring data

For å komme ut med informasjon om nye og oppdaterte data har Samhandlingsbarometeret utarbeidd ei framside for Sogn og Fjordane, www.samhandling-sfj.no, som m.a. publiserer nyhende og analysar omkring datamaterialet.

Helsesdata på kommunenivå



Kvalitetssikra og anonymiserte data vert presentert på nasjonal-, fylkes- og kommunenivå, og kan framstillast i tabellform, som søyle- og forløpsdiagram eller kart. Tabellar kan overførast direkte til Excel for vidare bearbeiding, til bruk i analysar, presentasjonar og dokument. For kvar indikator finn ein definisjon av indikatoren, kva kjelde er nytta og når indikatoren vert oppdatert. Dette er svært viktig for tolkinga av datamaterialet.

Emma Bjørnsen, Tina Løkke Vie, Hans Johan Breidablik, Anne Marte Sjølsnes, Knut Ivar Osvoll og Maria Holsen utviklar og driftar barometeret i samarbeid med andre helseføretak og kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde.

INNOVASJON
I HELSE VEST



Kontaktinfo dette arket: emma.bjornsen@helse-forde.no
Kontaktinfo innovasjon: innovasjon@helse-vest.no

Les meir på helse-vest.no/innovasjon